



## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kim Dhondup Kendel	GBR - 6/1	12/340

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
030/16	Hovudutval teknisk/næring	PS	30.05.2016

### **PRIVAT DETALJREGULERING FOR DEL AV GNR 6 BNR 1 OG DEL AV GNR 7 BNR 1 MFL. - STEINBROT VALEVÅG**

#### **Prenta vedlegg:**

02\_1117-Planomtale Valevåg\_rev06.05.16  
1117-01\_Plankart\_rev04.01.16  
01\_1117-Føresegner Valevåg\_rev04.05.16  
Vedlegg\_3\_1117-Planprogram\_rev060115 (2)  
Konsekvensutgreiing\_05.06.16  
Vedl.05\_1117-02-Illustrasjonsplan\_rev18.03.16  
Vedl.06\_1117-110 Snitt\_uttak\_rev17.03.16  
1117-03-Avrenningsplan\_rev04.05.16  
Vedlegg\_8\_Rapport 47 2013 - Valevåg Sveio  
Støyrapport\_12.10.15+vedlegg  
Driftsplan utvidelse nytt stenbrudd 6-1 og 7-1\_rev17.03.16  
Vedl.11\_1117-111 Snitt\_tilbakeføring\_rev17.03.16  
Vedl.12\_1117-04-Avslutningsplan\_rev18.03.16  
6\_1\_oversiktskart  
6\_1\_kommuneplankart  
6\_1\_ortofoto

#### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysninger:**

Rådmannen, 06.05.2016

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

- Plan- og bygningslova (PBL), særskilt kapittel 12 om reguleringsplaner
- Forureiningsforskrifta kap. 30
- Kommuneplanen for Sveio 2011 – 2023

#### **Økonomiske konsekvenser:**



Inga så langt. Planarbeidet omfattar privat detaljregulering og finansierast av tiltakshavar. Kostnader i samband med planlegging og gjennomføring berast av tiltakshavar.

### **Vurdering i høve til konsekvensutgreiing – KU:**

Jf. PBL § 12-3, tredje del skal reguleringsplanar i innhald følgje opp hovudtrekk og rammar i kommuneplanen sin arealdel. I samsvar med føresegn 3.9.3 i kommuneplanen er det difor stilt krav om konsekvensutgreiing og tilhøyrande planprogram. I samsvar med føresegna 3.9.6 i kommuneplanen har ein i saka stilt særskilt krav om utgreining av dei landskapsmessige konsekvensane. Ved oppstartsmøtet vart det i tillegg stilt krav om konsekvensutgreiing av miljøaspekt kva gjeld støy, støv og avrenning, kulturminne/-miljø og tilhøvet til FV 9.

### **Vurdering i høve til ROS-analysen:**

Jf. PBL §4-3 stilt krav om at planmyndigheten skal sjå til at risiko- og sårbarheit vert gjennomført. Ei slik analyse må vera i samsvar med rettleiaren "*Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – kartlegging av risiko og sårbarhet*" frå Direktoratet for Samfunnstrygghet og Beredskap (DSB). I ROS-analysen har naturgjevne tilhøve, trafikk, brann, forureiningskjelder, risikofylt industri, avfallshandsaming og transport vore vurdert.

### **Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:**

Forslaget vert lagd fram for barnerepresentanten ved offentleg ettersyn.

### **Saksorientering:**

Gøtz AS fremjar på vegne av Vassbakk & Stol AS forslag om privat detaljregulering for del av gnr. 7 bnr. 1 og del av gnr. 6 bnr. 1 mfl. i Valevåg.

Vassbakk & Stol AS avd. Staupe har sidan 2000 drive steinbrot i Valevåg, Tindadalen (Valevåg-brot). No går det mot slutten på tilgjengeleg stein i dagens brot og dersom dei skal kunne fortsette drifta treng dei tilgang på meir stein.

Vassbakk & Stol AS ønskjer difor å regulere eit område som ligg på motsett side av FV 9 i



høve til dagens uttak.

Området er om lag 123 daa, og det har vore gjort prøveuttak av stein i området som har synt at området eignar seg godt til føremålet. Føremålet med uttaket er å ta ut murestein av naturstein som er vurdert til å vere av høg kvalitet.

I samband med siste kommuneplanarbeid i Sveio kom det forslag til kommunen frå tiltakshavarane om å få lagt inn området i kommuneplanen som uttaksområde for stein. Sveio kommune la inn forslaget om masseuttak og i konsekvensutgreiinga til arealføremålet i kommuneplanarbeidet kom det fram at eit masseuttak mellom anna vil kunne få negative verknader for landskapet.

Det er utarbeidd planprogram for natursteinbrotet som vart vedteke 16.03.2015. Føremålet med planprogrammet var å avklare premisser og utgreiingsbehov for reguleringsplanarbeidet med tilhøyrande konsekvensutgreiing.

## PLANSTATUS

Dei delane av gnr. 6 bnr. 1, gnr. 6 bnr. 35 og gnr. 7 bnr.1 som inngår i planområdet ligg som område M\_2 med føremål *råstoffutvinning* og delvis som LNF-område i gjeldande reguleringsplan for Sveio 2011-2023. Deler av området ligg dessutan i kommuneplanen med omsynssone for friluftsliv. For området er det jf. føresegn 3.9.3 i kommuneplanen krav om konsekvensutgreiing. I tillegg er det for M\_2 jf. føresegn 3.9.6 i kommuneplanen lagt inn krav som seier at «ved regulering av steinbrot M\_2 på Einstadbøvoll skal dei landskapsmessige konsekvensane særskilt utgreiast. Det skal i reguleringsplanen stillast rekkefølgekrav om opparbeiding av g/s-veg på fylkesvegen for å sikre mjuke trafikantar».

Føresegnene til kommuneplanen syner at i område som er sett av til masseuttak kan ikkje søknadsplichtige tiltak setjast i verk før området inngår i reguleringsplan. Ved regulering av steinbrot M\_2 i Valevåg skal dei landskapsmessige konsekvensane særskilt utgreiast. Ved oppstartsmøtet vart det i tillegg stilt krav om konsekvensutgreiing av miljøaspekt kva gjeld støy, støv og avrenning, kulturminne-/miljø og forholdet til FV 9. I samsvar med kommuneplanen sine føresegner skal det i reguleringsplanen stillast rekkefølgekrav om opparbeiding av gang- og sykkelveg på fylkesvegen for å sikre mjuke trafikkantar.

I kommuneplanen sin konsekvensutgreiing vart det foreslått, som avbøtande tiltak for dei negative konsekvensane for landbruk, kongeveg og eksisterande busetnad, at det skulle etablerast buffersone mot veg og busetnad. Det blei òg foreslått tilbakeføring av jord til området etter avslutta drift som avbøtande tiltak for landskapskonsekvensane.

Området som omfattast av planen er ikkje regulert frå før.



## PLANOMRÅDET

Planområdet ligg aust for Fv9 i enden av Tindadalen nord og ligg dels på garden Einstadbøvoll og dels på garden Haugsgjerd. Planområdet omfattar del av gnr. 6 bnr. 1, del av gnr. 6 bnr. 35 og del av gnr. 7 bnr.1. I tillegg inngår del av gnr. 7 bnr. 33 som vegareal då ein i planen har lagt inn ei strekning langs FV 9 fram til skuletomta slik at ein kan leggja inn fortau langs vegen.

Planområdet der sjølve brotet skal liggja er kuppert og utgjer om lag 125 daa. Terrenget i planområdet stig frå nord mot sør og er svært bratt.

Delar av planområdet er LNF-område i tillegg til berre å grensa til slikt område. Området består av skog med høg til særst høg bonitet. Området er i dag ikkje i bruk som skogbruksområde og det er ikkje tilrettelagt tilkomst til området.

Innan planområdet går terrenget frå ca. kote +50 ved Fv9 til ca. kote +140 ved plangrensa i sør. I følgje konsulenten skal tiltaksområdet ikkje innehalde nokon interessante landskapstrekk som gjer at området utmerkar seg i høve til landskapet omkring. Lausmassane i området skal bestå av tynn morene og bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke.

Planområdet grensar mot Fv9 i vest/nordvest. På motsett side av fylkesvegen driftar Vassbakk og Stol AS avd. Lars Staube steinbrot i dag. Det ligg enkelte einebustar nord for planområdet på motsett side av vegen. Det er ein del gardsdrift på eigedommane rundt planområdet. På Einstadbøvoll, sør for planområdet, ligg Valestrand oppvekstsenter med barnehage og barneskule. I nærleiken finn ein høgdena Haugsgjerdessaåta og Trollvassnipa lengre sør.

Det er inga eksisterande bygg innafor planområdet bortsett frå ein trafo som ligg omtrent 100 meter nord for oppvekstsenteret.

Når det gjeld Fv9 er det sett ei fartsgrense på 40 km/t dei første 200 m frå oppvekstsenteret mot uttaket, 50 km/t dei neste 100 m medan resten av strekninga har ei fartsgrense på 80 km/t. Det er ikkje gong- og sykkelsti langs denne strekninga. ADT er berekna til 500 og vegen er i dag skuleveg for ungar som bur i nærleiken.



Når det gjeld vassforsyning ligg det i dag offentleg leing langs fylkesvegen.

## DRIFT

Driftselskapet er Vassbakk & Stol AS som er eigd av Skanska-gruppa. Dei har sentralgodkjenning i tilstrekkeleg klasse for dei aktuelle ansvarsområda for det aktuelle uttaket.

Området for masseuttak er på ca. 93,8 daa og forventa uttak er på totalt ca. 1 900 000 m<sup>3</sup> fast fjell. Forventa årleg uttak er på maks 20 000 m<sup>3</sup>.

Ein har delt føremålet *stein og masseuttak* inn i fire delområde og ein har såleis lagt opp til ei trinnvis uttak med tilsvarande tilbakeføring. Delområde og driftsretning er synt i vedlagt plankart og illustrasjonsplan. Plankartet synar at brakkerigg og lagerområde vert liggande i delområde C.

Ein legg opp til at deler av vegetasjonsdekket vil verta brukt til å laga jordvoll og at resten vert nytta som øvste lag i tilbakeført terreng slik at området vert tilbakeført til skogbruksområde.

Jf. føresegnene (2.3) skal drift og tilbakeføring vera avslutta innan 2050.

## INFRASTRUKTUR

Når det gjeld tilkomst vil trafikken inn til steinbrotet koma som ny avkøyrsløse frå Fv9. I samband med opparbeiding av tilkomst og riggplass legg planen opp til at ein i en periode på inntil 5 år vil ha sortering og utkøyring av stein i det eksisterande brotet. Ein vil i samband med dette opparbeide ei midlertidig tilkomst (ligg som KV5 i plankartet) som skal sanerast og tilbakeførast når ein startar sortering i det eksisterande brotet. Ein legg opp til etablering av fortau langs heile strekninga fram til oppvekstsenteret for å sikra trafikktryggleiken til mjuke trafikantar. Dette vert lagt inn i føresegnene med rekkefølgekrav.



Når det gjeld spillvatn i området vil det for brakke/-r verta kopla til tett tank som vert tømt med jamne mellomrom.

Når det gjeld vassforsyning har ein tenkt å kopla seg på offentleg vassforsyning då det ligg slik langs fylkesvegen på same side som området.

Når det gjeld overvatn har ein i planen lagt opp til å føra dette i røyr under veggen ned til eksisterande brot. Slik handsaming har vore tema for konsekvensutgreiinga (KU) og vert orientert om under eiga avsnitt.

Når det gjeld straumforsyning går det straumkablar ved området og ein har såleis tenkt å skaffa straum frå lokalt nett.

Ein forventar minimalt med avfall i samband med drifta. Tiltakshavar/driftar legg opp til å handtera dette sjølv med eigen bossdunk som takast med til hovudkontoret på Hinderli.

## DRIFTSPLAN/TILBAKEFØRING

Jf. minerallova fell steinbrotet inn under reglane i minerallova og krev driftskonsesjon der driftsplan skal godkjennast. Drift kan ikkje startast opp før driftskonsesjon ligg føre. For planen har ein i tillegg stilt krav om at kommunen skal godkjenna driftsplanen og ev. revisjonar før området takast i bruk. Dette er lagt inn i føresegnene som rekkefølgekrav (§ 2.1).

## ROS-ANALYSEN

I ROS-analysen nyttar konsulenten ein innleiande fargekartlegging der ein går igjennom ulike hendingar eller farar og eliminerer dei som er vurderte til ikkje å medføre fare. Dei tema som står attende må ein såleis vurdere vidare i ROS-analysen .

I analysen har ein vurdert både no-situasjon og situasjon etter utbygging.



Når det gjeld no-situasjonen vart mangel på gang- og sykkelveg langs FV 9 trekt fram som eit faremoment med alvorleg konsekvens. Ein har gjennom planen sikra trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane gjennom å leggja fortau frå avkøyringa til det nye brotet fram til Valestrand oppvekstsenteret på vestsida av fylkesvegen og stilt rekkefølgjekrav til opparbeidinga.

Når det gjeld situasjonen etter utbygging vart utfordringar med tanke på støv som drifta vil generera trekt fram som noko sannsynleg. Ein har i føresegnene lagt inn at det skal vatnast ved knusing av stein (§ 3.1.8) og at det ikkje skal liggja støv i vegbanane ved transport inn og ut av anlegget (§ 4.1.7). Vegetasjonsskjerm er lagt inn i plankartet og er venta å ha avbøtande effekt for omgjevnadene. Ein har i føresegnene (§ 5.1.1) sikra at det innan føremålet berre er tillate med tiltak som er naudsynt for å styrkje og fornya skogen.

Vidare har ein trekt fram støy som ei utfordring sidan det ligg ein bustad innafor gul støysone. Ein har i plankartet lagt inn ei 2 m høg jordvoll langs brotkanten mot bustadområdet som avbøtande tiltak. Krav om jordvoll er lagt inn i føresegnene (§§ 3.1.2 og 3.1.7).

Ein har òg trekt fram at det gjennom driftsperioden kan oppstå akutt utslepp ved lagring/transport v drivstoff, kjemikalie, olje og sprengstoff. Ein peiker på at føretaket har krav til beredskapsplan og at tankar og anna utsyr som handterer slike preparat skal lagrast og handterast etter gjeldande forskrift. Ein peiker på at ved ei eventuell lekkasje vil sedementeringsbassenget forseinke ei forureinings-prosess som gjer at ein rekk å samla opp preparata før det går ned i grunnen.

## FRILUFTSLIV/ KULTURMINNE/ LANDBRUK

Med bakgrunn i planprogrammet har konsekvensane for friluftsliv, kulturminne/-miljø og landbruk vorte utgreia i konsekvensutgreiinga og vert difor orientert om under avsnittet om KU i saksorienteringa.

## NATURMANGFALDLOVA

Ved vurdering av planforslaget etter NML og sjekklister utarbeida av Fylkesmannen i Hordaland er konklusjonane om kva verknader planen har etter Naturmangfaldlova



følgjande:

*NML § 8 og 9: Kva artar, naturtypar og landskap vert råka av planen og manglar det tilstrekkeleg kunnskap for å sei noko om verknadane på naturmangfald? Området aust for fylkesvegen er prega av skogsareal og er ikkje utbygt frå før. Markslag-kartet viser lauvskog med høg bonitet.*

Arts-kartet i Arts-databanken viser at det ikkje er registrerte truga artar i området og området er registrert til å ikkje ha viktige naturtypar eller viktige viltområde i kommunen sin kartlegging over slike område.

Kommunen har vurdert kunnskapsgrunnlaget og kome til at det ikkje manglar kunnskap for å avklare verknadene på naturmangfald i plansaka.

*NML § 10: Kva eksisterande og framtidige tiltak påverkar/vil kunne påverka influensområdet og kva vil samla belastning på influensområdet vera?*

Det er lite sannsynleg at utbygging i samsvar med planforslaget vil auka dei negative verknadene for miljøet og naturmangfald, med grunngjeving at det ikkje er særskilt verneverdig naturmangfald i området.

*NML § 11: Vil det vera kostnader for å avbøte eller avgrense skade på naturmangfald?*

Då det er lite sannsynleg at utbygging her vil auka dei negative verknadane for naturmangfald, er det også lite sannsynleg at det vil vere kostnader i samband med tiltaket for å avbøte eller avgrense skade på naturmangfald.

*NML § 12: Er det vurdert alternative løysingar?*

Arealet er i kommuneplanen vist som masseuttak. Tiltak i samsvar med planforslaget er såleis allereie vurdert jf. naturmangfaldet og eventuelle negative verknader på overordna nivå. I planutgreiinga har det ikkje kome fram noko som motseier denne konklusjonen. Med utgangspunkt i at området er teke med som område for masseuttak i kommuneplanen er det difor ikkje vurdert alternative løysingar.

## FOLKEHELSE

Det stillast krav om til at folkehelseomgrepet skal vera med i all planlegging og at ein skal taka omsyn til kva effekt tiltak gjennom planlegginga kan få på folkehelsa.

Ein har i planomtala peika på auka trafikk og luftforureining som utfordringar. Når det gjeld støv vil dei som jobbar i brotet vera sikra gjennom arbeidsmiljølova. Ein har i planen mellomanna sikra dette for omgjevnadene ved at det i føresegnene lagt inn at det skal vatnast ved knusing av stein og at det ikkje skal liggja støv i vegbanane ved transport inn og





ut av anlegget.

Når det gjeld støy ligg eit bustadhus innafor støysona. Når det gjeld tema som støy og støv syner ein til avsnitt om konsekvensutgreiing.

## BARN OG UNGE SINE INTERESSER

I planomtala peikar ein på at dette er eit område som normalt vert lite nytta av barn og unge då det ligg eit stykke frå tett busetnad og det ikkje har særskilte kvalitetar som gjer at barnefamiliar reiser dit. For å sikra trygg skuleveg skal fortau langs heile strekninga fram til oppvekstsenteret opparbeidast. Fortauet vil berre liggja på den eina sida slik at ein unngår unødig kryssing av vegen. I tillegg vert strekninga med 80 km/t fartsgrense seinka til 50 km/t. Dette er avklara med Statens vegvesen og ein har lagt det inn i føresegnene.

## PLANPROGRAM

Planprogrammet vart vedteke 16.03.2015 av kommunestyret etter først å ha vore lagt ut på høyring i samband med melding om oppstart av planarbeidet. Føremålet med planprogrammet var å avklare premisser og utgreiingsbehov for reguleringsplanarbeidet med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Følgjande tema for konsekvensutgreiing vart vedteke gjennom planprogrammet:

- Miljø:
  - **Forureining:** Støv, støy, avrenning og andre forureiningar.
  - **Kulturminne/-miljø**
  - **Terreng og landskapstilpassing**
  - **Friluftsliv**
  
- **Forureining:** Støv, støy, avrenning og andre forureiningar.
- **Kulturminne/-miljø**
- **Terreng og landskapstilpassing**
- **Friluftsliv**
  
- Naturressursar:
  - **Landbruk: jord og skog**
  
- **Landbruk: jord og skog**
  
- Samfunnsverknader:
  - **Infrastruktur**



· **Infrastruktur**

## KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET – KU

Når det gjeld kva metodar som er nytta visast det til vedlagt KU. Under kjem ei kort oppsummering av konsekvensane ein har sett føre seg og kva avbøtande tiltak ein har lagt opp til gjennom planen. Vidare har ein gjort ein vurdering av utgreiinga med tilhøyrande avbøtande tiltak.

### **Forureining:**

Planprogrammet spesifiserer fylgjande for kva som skal utgreiast med tanke på forureining: «*Støy: Det må som ein del av planarbeidet gjerast vurderingar i høve til trafikkstøy og anleggsstøy i samband med masseuttaket. Det må gjennomførast ei støykartlegging kring anleggsområdet og i høve til eksisterande busetnad i området. Støyvurderinga skal utførast av Gøtz AS. Støy frå knusing og sprenging av stein skal vurderast. Ein må også vurdere om det er naudsynt å legge inn støyskjermar/ støyvollar i reguleringsplanen. Grenseverdiane fastsett i forureiningslova og tilhøyrande forskrifter skal nyttast i vurderingane.*

*Støv: Kap. 30 i Forureiningsforskrifta omhandlar forureiningar frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Ein må avdekke eventuelle kjelder til støv i samband med masseuttaket og liste opp aktuelle tiltak for å redusere støvutslepp.*

*Avrenning: Avrenning frå anlegget må utgreiast og ein må sjå på om dette vil medføre risiko for sårbare vassdrag i området. Ein må også klargjere kva sediment/ materie som kjem ut i avrenninga og kva retning det vil ta ut frå steinbrotet.*

*Andre forureiningar:*

- *Vurdering av lekkasjar frå diesel eller oljetankar*
- *Reinsing av kloakk (reinseanlegg eller tett tank?)*
- *Lukt»*

*Støy: Når det gjeld trafikkstøy har ein vurdert det slik at ein ikkje ser nokon grunn til at bruken av lange køyretøy vil auka for dei naboane som ev. vert råka av trafikkstøy som resultat av drifta i eksisterande brot. På strekninga fram mot det nye brotet som no vil verta råka av trafikk til og frå det nye brotet ligg det ingen eksisterande bustader. Som avbøtande tiltak har ein i planen lagt opp til ei reduksjon av eksisterande fartsgrense på 80 km/t for strekninga til 50 km/t.*

Når det gjeld anleggsstøy har ein føreteke støyberekningar og utarbeidd eit støykart etter planretningsline T1442/2012 og forureiningsforskrifta kap. 30. Kartet syner eit bustadhus



som ligg innafør den dimensjonerande grensa. Ein har i planen, i tillegg til avgrensing av driftstid, lagt inn ei 2 m høg jordvoll langs brotkanten mot bustadområdet på Nordtræ samt vegetasjonsskjerm langs heila uttaket som avbøtande tiltak.

Med tanke på det bratte terrenget vil ikkje eit slikt tiltak vera tilstrekkeleg sidan støykjelda i store deler av drifta vil koma til å stå så godt som ikkje skjerma. Ein har difor lagt inn i føresegnene (3.1.11) at særleg støyande arbeid, som t.d. borarbeid, pigging, sprenging, knusing o.l. ikkje skal skje i helga eller på heilagdagar og ikkje etter kl. 17.00 på kvardagar dersom støykjeldene er nøydd til å stå i uskjerma posisjon. Ein skal avgrense særskild støyande arbeid i dei periodane støykjeldene er nøydd til å stå i uskjerma posisjon i høve til dei bustadane som ligg innanfor støysona. Støyande arbeid i uskjerma posisjon skal fortrinnsvis skje i vinterhalvåret dersom dette ikkje er til for stor ulempe for drifta.

*Støv:* Ein peiker på at støv er ei velkjent problemstilling frå drift av grustak og pukkverk. Sidan ein i planen legg opp til knusing av stein kan ein forventa seg same utfordring her tillegg til anna støvande aktivitet. Ein har i utgreiing peika på at det ikkje har vore noko problem med støv frå det eksisterande brotet men at det nye vert liggjande høgare i terrenget og kan såleis verta til ulempe for dei næraste naboane.

Ein har i føresegnene lagt inn at det skal vatnast ved knusing av stein (§ 3.1.8) og at det ikkje skal liggja støv i vegbanane ved transport inn og ut av anlegget (§ 4.1.7). Ein har lagt inn vegetasjonsskjerm rundt heile brotet, med unntak av vegføremålet, og har i føresegnene (§ 5.1.1) sikra at det innan føremålet berre er tillate med tiltak som er naudsynt for å styrkje og fornya skogen. Knusing av stein er i planen lagt til skjerma område. Ein har difor i føresegnene sagt at dette skal skje i riggområdet då det vert meir skjerma med tanke på plasseringa i terrenget og etableringa av jordvoll.

*Avrenning:* Avrenning vil skje frå det nye brotet under fylkesvegen, gjennom eksisterande brot og ut i sjø via eksisterande bekker. Store deler av overflatevatn vil renna naturleg ned mot den lågaste delen av uttaksområdet som ligg nord i planområdet. Ved tilkomstvegen vil vatnet renna over terskel og førast ut langs denne.

Planområdet er ein del av eit større nedslagsfelt, og avrenningsarealet for overvatn som vil renne over fylkesvegen og ned i sjø via eksisterande bekk vert nokon lunde det same som i dag, også etter at ein startar med å ta ut stein. Det som vert skilnaden, er at samtidigheita vil auke når delar av området vert avgravd.

For å unngå flaum ved mykje nedbør legg ein opp til slik at fordrøying i form av å oppretta eit sedementeringsbasseng i det nya brotet. Konsulent har føreteke berekningar av overvassmengda som vil oppstå for å sikre tilstrekkeleg areal for sedementeringsbasseng i



det nya brotet og dimensjon og plassering av overvassleidning (KU 9.5.4). Ein har konkludert med at sedementeringsbassenget som vert etablert (5.000 m<sup>3</sup>) og som vil liggja under terskel vil ha tilstrekkeleg fordrøyingskapasitet.

Når det gjeld avrenning har ein i planprogrammet spesifisert at avrenning skal utgreiast med tanke på risiko for sårbare vassdrag i området. Vidare skal det klargjerast kva sediment/materie som kjem ut i avrenninga.

I dag renn overflatevatn under fylkesvegen ca. 200 meter gjennom eksisterande brot, via ei myr ca. 100 meter og ca. 80 meter i bekk som munnar ut i Bømlafjorden (syner til avrenningsplanen). Konsulenten peiker på at det ikkje er fisk i bekkane i dag. Vidare reknar ein ikkje med at dette har vore nytta som gytebekk grunna vanskeleg oppgang og normalt lite vassføring.

Når det gjeld kva forureining ein kan få i avrenninga peiker ein på at det ikkje vil vera giftstoffer eller tungmettalar i berggrunnen, men at det kan vera restar av nitrogen og ein del finstoff. Ein vurderer nitrogenkonsentrasjonen til å vera låg (1 mg/l) og vil såleis ikkje føra til fare for endring av økologisk kvalitet i vassdraget.

Når det gjeld finstoff peiker ein på at det med tanke på å ta ut mureblokker så sprenger ein slik at fjellet sprekk relativt lite, det vert ingen saging av stein og det vert berre knusing 2-3 veker i året. Ein vil difor få mindre støv/finstoff her i frå enn frå steinbrot som er meint til pukkverk eller natursteinsheller. Med tanke på at bassenget vil vera fylt med sprengstein har konsulenten i KU rekna ut kva mengde finstoff ein vil rekna med å få og har vurdert bassenget til å vera tilstrekkeleg dimensjonert til at ein slipp å måtte grava vekk sediment i løpet av driftstida (fram til 2050).

Vidare har ein berekna utslepp av finstoff etter etablering av sedementeringsbassenget til liggja på 21 mg/l, noko som ligg under krava på 50 mg/l i forureiningsforskrifta. Med tanke på perioden fram til eit slikt basseng er etablert er ein for tida i sluttfasen av det eksisterande steinbrotet der ein no takar ut stein som ligg under grunnvasstanden og såleis utvidar det eksisterande sedementeringsbassenget.

I tillegg vil tiltakshavar leggje ein inspeksjonskum i tilknytning til utløpet ved terskel slik at dei vil kunna driva overvaking av utslepp frå det nye masseuttaket. Vassbakk & Stol AS går i følge konsulenten vernerunde 1 gong i månaden, og vil då sjekke utlaupet frå sedementeringsbassenget.



Ein har lagt inn i føresegnene at utslepp av støv og andre utslepp frå masseuttaket ikkje må vere til ulempe for grunnvassførekomstar, og skal til ei kvar tid liggje innanfor rammer fastsett av Miljøverndepartementet. Uttakar er ansvarleg for å drive overvaking av avrenninga frå brotområdet.

*Andre forureiningar:* Utgreiinga peiker på at det gjennom driftsperioden kan det oppstå akutt utslepp ved lagring/ transport av drivstoff, kjemikalie, olje og sprengstoff, men at føretaket har krav til beredskapsplan.

I utgreiinga trekk ein på at sedementeringsbassenget vil koma til å forseinke forureiningsprosessen som gjer at ein kan rekka å samla opp forureininga før det trengjer ned i grunnen.

### **Kulturminne-/miljø:**

Planprogrammet spesifiserer fylgjande for kva som skal utgreiast med tanke på kulturminne-/miljø: «Det må klarleggjast om og i tilfelle korleis tiltak får konsekvensar for kulturminne eller kulturmiljø. Her vil fylkeskommunen vere ein viktig støttespelar.

*Det skal liggje ein gamal "kongeveg" i området, og ved vurdering av plassering av gang- og sykkelveg må ein sjå på moglegheita for å ruste opp "kongevegen" og gjere han til ein del av gang- og sykkelvegen. Gang- og sykkelvegen langs "kongevegen" kan på den måten bli ein attraksjon. Det må gjerast ei avklaring med fylkeskommunen og lokalkjende for å lokalisere "kongevegen", før ein kan ta ei vurdering på om dette kan vere aktuelt.*

*For generell kartlegging av kjende kulturminne eller kulturmiljø vil ein nytte kjende opplysningar om planområdet som ein finn ved hjelp av informasjonssider på internett (AREALIS, Kilden- kart, Askeladden osv.)»*

Rett utforbi planområdet vart det, etter arkeologiske undersøkingar gjort av fylkeskommunen sommaren 2013, registrert eit automatisk freda kulturminne, den såkalla *Kongevegen* etter funn av steinsett vegdekke. Kulturminnet ligg inne i kommunedelplanen for kulturminne med omsynssone A (sone der det skal gjerast særlege omsyn) som delvis går inn i planområdet. I tillegg til Kongevegen er det registrert kulturminne frå nyare tid og er såleis ikkje automatisk freda. Desse ligg nordvest i planområdet langs grensa. Det gjeld to bytesteinar, eit telegrafstolpefundament og eit gjerde med steinstolpar. Ein legg i føresegnene opp til at ein kan taka vare på og flytta bytesteinen og at telgrafstolefundamentet kan fjernast dersom det kjem i konflikt med siktsona.



Ein har lagt funna av Kongevegen inn som omsynssone i plankartet som *bandlegging etter lov om kulturminne* med tilhøyrande føresegn (7.3.1). I tillegg er omsynssona frå kulturminneplanen som er breiare og har ei større utstrekning òg lagt inn i planen som *bevaring kulturmiljø*. Med tanke på utstrekninga Kongevegen har ein lagt inn i føresegnene at det ved opparbeiding av vegen ikkje er høve å grava seg ned i det gamle steinsatte vegdekket som utgjer kongevegen. At delar av Kongevegen kan finnast seg under jordlaget der ein skal opparbeida tilkomstvegen (V4) reknast som lite truleg då vegføringa sannsynlegvis ligg nokre meter over eksisterande fylkesveg i dette området.

### **Terreng og landskapstilpassing:**

Planprogrammet spesifiserer følgjande for kva som skal utgreiast med tanke på landskapsverknad: *"Gjennom KU skal ein kartleggje landskapskvalitetar og vurdere konsekvensar for landskapet ved utbygging av området. Ein skal vurdere kva visuell verknad steinbrotet vil få, spesielt med tanke på tilkomstveg til anlegget og tilbakeføring etter avslutta drift. Det skal særskilt vurderast korleis ein ser føre seg tilbakeføring av arealet til landbruk/skogbruk etter avslutta drift i området (etappevis, soneinndeling m.v.) Vidare må ein vurdere plassering av buffersonar kring området og om ein ynskjer å utvide plangrensa i aust slik at ho omfattar delar av eksisterande LNF- område. Dette området må i så fall leggjast med føremål LNF som buffersone i reguleringsplanen. Ein må ta særskilt omsyn til landbruksareal mot Fv9 og eksisterande busetnad i området. I tillegg må ein vurdere sikring kring anlegget både under og etter avslutta drift"*.

Ein trekk i vurderinga fram det kupperte terrenget og at området for det meiste består av barskog med særshøg/høg bonitet. Ein har vurdert tiltaksområdet til ikkje å ha nokon interessante landskapstrekk som gjer at området utmerkar seg i høve til kringliggjande landskap. I vurderinga peiker ein på at brotet vil endra landskapsbiletet me har i området i dag. Ein vil kunne sjå tiltaket frå den andre sida av Bømlafjorden.

Som avbøtande tiltak undervegs i drifta har ein lagt inn ein vegetasjonsskjerm. Dette er venta å ha vera avbøtande først og fremst for nærområdet. Vidare legg ein opp til ei tilbakeføring av brotet. Dette vil endra opphavleg landskap, men sidan ein vil leggja opp til at-skogning vurderer kommunen at verknaden vil vera akseptabel. Me ei utflating av terrenget vil området i større grad enn i dag kunne nyttast til skogbruk.

For den delen av brotet som går opp mot den høge kollen (kotehøgde ca. +135 m) som ligg med vegetasjonsskjerming i planen kan det vera vanskeleg å sjå føre seg ei tilbakeføring der ein ikkje får skjerningar. Planen slik han no ligg føre opnar for at ein kan ha ei terrassering ut mot brotkant der det er ein ikkje klarar å lage ein jamn overgang utan å få skjering. Ein har såleis opna for at ein kan ha synlege skjerningar, men at dei ikkje vert høgare enn 5,0 meter



jf. føresegna 3.1.14. Når området vert tilbakeført med stadlege massar føresett ein at dette vert dekt av vegetasjon etter attgroing.

### **Friluftsliv:**

Planprogrammet spesifiserer følgjande for kva som skal utgreiast med tanke på friluftsliv: "Området ligg opptil eit regionalt friluftsområde kring Trollvassnibba. Eventuelle turstiar skal omtalast og eventuelle konsekvensar for friluftsliv skal drøftast".

Området skal vera lite brukt som friluftsområde. Konsulenten trekk fram at terrenget er kuppert og somme stader svært bratt og uframkommeleg. Deler av området ligg likevel i kommuneplanen med omsynssone for friluftsliv og inngår i eit større område med regionale friluftsiresser med verdisetting B – viktig. Det er ingen merka stiar innafor planområdet og Haugsgjerda skal i følgje grunneigar ikkje vera mykje i bruk som turmål. Brotet vil verta synleg frå Haugsgjerdsåta som ligg i nærleiken av planområdet. Ein har valt å bevare den høgaste toppen innan planområdet. Det avbøtande tiltaket med tilhøyrande vegetasjonsskjerm vil såleis redusera innsynet frå Haugsgjerdsåta. Frå Trollvassnibba vil det ikkje vera innsyn til det nye brotet.

Kommunen vurderer såleis at slik det no ligg føre i lita grad vil koma i konflikt med friluftsiresser og registrerer at tursti til Haugsgjerda og vidare ut i friluftsområdet i følgje turkartet for Sveio ligg utafor planområdet.

### **Landbruk, jord og skog:**

Planprogrammet spesifiserer kva som skal utgreiast med tanke på landbruk: "*Skogareala innanfor planområdet skal omtalast og drøftast i høve til noverande situasjon og dei endringar som masseuttaket vil medføre*".

Planområdet er hovudsaklig skogkledd med barnålskog med høg til sær s høg bonitet. Området ikkje eignar seg altså ikkje så godt som plantefelt for tre, då lausmasselaget er relativt tynt. Terrenget i området er dessutan bratt og vanskeleg framkommeleg, noko som gjer eit slikt arbeid vanskeleg. Det aktuelle utbyggingsområdet vil ikkje røre dyrka mark i nord, men kan likevel få ringverknader. For dyrka mark kan støv frå sprenging og knusing av stein vere øydeleggjande for avlingane. Som avbøtande tiltak har ein lagt inn buffersone mot Fv9 og eksisterande vegetasjon vert teke vare på og nyttast som vegetasjonsskjerm. Denne er tenkt å fanga opp mykje av støvet frå anlegget og såleis hindra spreiring til innmarksbeitet



og dyrka mark.

Med tanke på knusing av stein er det lagt inn i føresegnene at dette skal gjerast i riggområdet som er markert i plankartet.

### **Infrastruktur:**

Planprogrammet spesifiserer kva som skal utgreiast med tanke på infrastruktur: *"Det må avklarast om tiltaket medfører betydeleg auke i trafikken på eksisterande vegar, ev. behov for nye trafikk-/vegløysingar eller trafikksikringstiltak.*

*Det må vidare avklarast om gang- og sykkelvegen frå området til skulen kan gå langs med "kongevegen" på motsett side av planlagd steinbrot. Ein må også sjå på om denne traseen kan fortsette over Fv9 og ut på eksisterande opparbeidd trasé, eller om risikoen for overgang er for stor med tanke på siktlinjer. Plasseringa av gang- og sykkelvegen og avkøyringa mot steinbrotet må avklarast med Statens vegvesen.*

*Vassbakk & Stol AS har eit ynskje om å anleggje ei mellombels avkøyrsla til eksisterande steinbrot (M\_1) i anleggsperioden for opparbeiding av den nye tilkomstvegen. På den måten kan ein deponere massar frå den nye tilkomstvegen i eksisterande steinbrot og såleis sleppe å frakte massar langs fylkesvegen medan opparbeidinga av den nye tilkomstvegen skjer. Dette må avklarast med Statens vegvesen, og ein må ta omsyn til "kongevegen" dersom den skulle vise seg å gå her. Dette må avklarast med fagkyndig hjå fylkeskommunen".*

Ein reknar med at det nye brotet vil generera ca. 50 turar ut av området i månaden som utgjer ei auke på +2 YDT (gjennomsnittstrafikken utanom laurdag og søndag)for strekninga. Noverande ÅDT for strekninga ligg på 500. Ein har i planforslaget lagt inn fortau langs heile strekninga frå avkøyrsla fram til oppvekstsenteret. Det meiste av trafikken vil, som i dag, gå sørover til E39. Når det gjeld vegløysing, planlagde innkøyrslar, midlertidig anleggsveg og plassering av gang-/sykkelveg, og planforslaget vart justert i samsvar med krav/ ynskje frå Statens vegvesen. Løysninga med fortau meinte vegvesenet var tilfredstillande om ein reduserte fartsgrensa for strekninga som i dag har 80 km/t til 50 km/t. Dette er lagt inn i føresegnene (§ 4.1.6).

For veganlegget har ein i føresegnene (§ 2.1). lagt som rekkefølgjekrav at hovudavkøyrsla og den midlertidig avkjørsla skal utformast etter planer som er godkjent av vegvesenet før området takast i bruk. Vidare har ein lagt inn i føresegnene (§ 4.1.4) at det skal settast opp skilt for å varsle kryssande trafikk som skal over til det eksisterande brotet og at ein ikkje skal kryssa vegen ved skulestart/-slutt. Kryssing skal berre skje dei første 5 åra så ein ikkje kjem i konflikt med tilbakeføring av det eksisterande brotet som skal vera gjort innan 2022 sidan planen legg opp til at ein kan sortera steinen der. Vidare legg føresegna opp til at V5 som sikrar tilkomst til eksisterande brot skal sanerast og tilbakeførast når ein startar sortering i det eksisterande brot.

Når det gjeld fortauet så er opparbeidinga av dette lagt inn som rekkefølgjekrav i





føresegnene (§ 2.1) der ein har formulert at fortauet vert opparbeida innan ein startar kommersiell drift. Ein har gjennom dette taka omsyn til at tiltakshavar ønskjer å nytta stadlege massar for å anleggja fortauet som vert teke ut gjennom opparbeiding av nytt kryss og tilkomstveg. Det har såleis ikkje vore naturleg at ein har stilt krav om å krevja at fortauet er på plass før det vert opna for tiltak i planområdet.

Omsynet til Kongevegen er omtala under avsnittet om kulturminne/-miljø.

## MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSEL OG PLANPROGRAM

I samband med varsling om oppstart sommaren 2012 og at planprogrammet samtidig vart lagt ut til offentlig ettersyn har det kome inn nokre merknader til planen. Nokre merknader gjeld sjølve oppstartsvarslet og andre omfattar direkte planprogrammet. Merknadane som omhandlar planprogrammet vert ikkje kommentert her då det allereie er vedteke.

### **Offentlege:**

*Direktoratet for Mineralforvaltning, 04.07.2012*

Direktoratet viser til at dei ikkje har merknader til sjølve meldinga, men at dei i planprogrammet saknar ei nærare skildring av førekomsten det skal drivast på. Vidare saknar dei ei kort omtale av minerallova under pkt. 1.3 om overordna rammar og premisser. Det gjerast merksam på at planprogrammet skal leggjast fram for Direktoratet før fastsetting i kommunen, jf. § 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det gjerast òg merksam på at det planlagde steinbrotet fell inn under reglane i minerallova og krev driftskonsesjon. Drift kan ikkje startast opp før driftskonsesjon ligg føre.

### Kommentar frå kommunen:

Det er lagt inn i føresegene (§ 2.2) at driftsplan skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning og at han sendast inn seinast 6 md. etter at reguleringsplanen er godkjent. Vidare er det lag inn som rekkefølgekrav (§ 2.1). at driftsplan og eventuelle revisjonar òg skal godkjennast av kommunen.



*Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, 19.07.2012*

Fylkeskommunen viser til at dei legg vekt på omsynet til landskap, friluftsliv, barn- og unge og trafikktryggleik. Det vert vist til at planområdet ligg opptil eit regional viktig friluftsområde omkring Trollevassnibba. Ein ber difor om at ein i konsekvensutgreiinga legg særskilt vekt på konsekvensar for friluftsliv og at dette vert teke med som eit eige tema.

Med utgangspunkt i at det på tidspunktet for at dette planarbeidet blei varsla, samtidig starta opp eit anna planarbeid for utviding av steinbrotet på motsett side av fylkesvegen, så meiner fylkeskommunen at det er naturleg at konsekvensane av dei to planane vert sett i samanheng, spesielt med omsyn til landskapstilpassing, støy og trafikale forhold.

Fylkeskommunen viser vidare til at det ut får deira arkiv ikkje er dokumentert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men i nærleiken er det kartfesta fleire forhistoriske lokalitetar. Grunna potensiale for funn av forhistoriske aktivitet- og busetjingsspor, meiner fylkeskommunen at det er naudsynt å gjennomføre ei synfaring av planområdet før dei kan gje fråsegn til planen.

#### Kommentar frå kommunen:

Ein har ved arkeologiske undersøkingar gjennomført av Fylkeskommunen gjort funn av automatisk freda kulturminne. Området er lagt inn som bandlegging etter lov om kulturminne i plankartet. Vidare orientering om kva omsyn som er gjort med tanke på kulturminne/-miljø vert beskrive under avsnittet om KU i saksorienteringa då det er eit eiga tema i KU. Det skal i tillegg opparbeidast støyvoll mot brotet for å mellom anna å sikra at drifta ikkje står i vegen for at Kongevegen kan settast i stand om det skulle verta aktuelt.

\*\*\*

*Statens vegvesen, Region Vest, 09.08.2012*

Statens vegvesen peiker generelt på at planen må ivareta trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og at planområde som ligg ved skuleveg må leggjast særleg merksemd.

Det visast vidare til at det bør vurderast sanering av enkeltavkøyrslar der tilhøva ligg til rette for det og at nytt veganlegg skal utformast i tråd med gjeldande handbok. Særleg kryss og avkøyrslar skal tilfredsstillast krav til stigningsforhold og sikt, og siktsoner skal vere målsette og planen må syne byggjegrænse mot FV 9.

Planføresegnene må stille krav til detaljert plan for utforming av veganlegget i horisontal- og vertikalplanet og det må stillast krav til at veganlegget som omfattar fylkesvegen i tillegg skal godkjennast av Statens vegvesen. Føresegnene må setja rekkjefølgjekrav om opparbeiding



Sveio kommune

av veganlegget i tråd med godkjent plan.

Då FV 9 er skuleveg viser Statens vegvesen til at det er særers positivt at ein ønskjer å regulere, opparbeide og setje rekkjefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkelveg i området.

Kommentar frå kommunen:

Når det gjeld infrastruktur vert temaet utgreia i avsnitt om KU og vert såleis kommentert der.

\*\*\*

*Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, 23.08.2014*

Hordaland fylkeskommune kjem med krav om arkeologisk undersøking av planområdet etter gjennomført synfaring av området 16.07.2012. Ein meiner at det er potensiale for funn i området.

Kommentar frå kommunen:

Det vart gjort arkeologisk undersøkingar i området sommaren 2013. Rapport ligg som vedlegg i saka.

\*\*\*

*Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, 31.07.2012*

Fylkesmannen viser til at det er utarbeidd planprogram for planarbeidet og minner samtidig om at forslaget skal sendast på høyring.

Det gjerast vidare merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med



Sveio kommune

TEK 10 og at analysen må sjå på risiko både innanfor og utanfor planområdet.

Kommentar frå kommunen:

Ein har nytta akseptkriteria i TEK-10 for ROS-analysen. Sjølv om Ein i ROS-analysen spesifiserer at ho gjeld for planområdet har ein òg sett på risiko utanfor planområdet der ein har funne det relevant.

\*\*\*

*Hordland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, 22.01.2014*

Det opplyst i rapporten frå dei arkeologiske undersøkingane 16.-18. juli 2013 at det blei påvist eit automatisk freda kulturminne innanfor plangrensa i form av eit gammalt vegfar med fleire bruksfasar frå overgangen mellom yngre bronsealder og før-romersk jernalder til vikingtid (Askeladden id. 174544) I tillegg blei det gjort funn av to byttesteinar, eit telegrafstolpefundament og eit gjerde med steinstolper innanfor planområdet, som er av nyare tids kulturminne.

Kommentar frå kommunen:

Orientering om kva omsyn som er gjort med tanke på kulturminne/-miljø vert beskrive under avsnittet om KU i saksorienteringa under eiga tema.

\*\*\*

**Private:**

*Martin Haugsgjerd, Vermund Haugsgjerd og Marta Haugsgjerd, 01.08.2012*

I merknaden vert miljøaspektet kommentert og det vert vist til at det i vurderinga av støy må leggjast føringar for driftstid/kviletid og at ein må kunne forventa seg at det ikkje er drift på kveldstid, helge- og heilagdaggar og at dette må inn som del av føresegnene.



Det må takast omsyn til moglege ulemper med støy, støv og avrenning. Plasseringa av steinknuseverk må vurderast grundig for å unngå for store ulemper for naboar. Vidare visast det til at det er viktig med gode, breie buffersoner som må visast på reguleringsplanen og at eksisterande skog må bevarast som buffer.

Det vert vist til at den del av planområdet som ligg i det sør-vestre hjørna ikkje dekker heile kollen og at det ved uttak vil bli eit sår i terrenget og av den grunn bør planområdet utvidast.

I merknaden vert det vist til at verknadene av inngrepa er vanskelege å sjå føre seg og at det bør lagast ein 3D-modell som viser inngrepa når anlegget er i drift og korleis landskapet vert etter avslutning. Når det gjeld avslutning av anlegget vert det vist til at det bør vere ein avslutningsplan med kart og at det er viktig at det vert sett av midlar til avslutning.

Merknaden viser til at landbruksareal som grensar til planområdet ikkje må øydeleggjast av utbygginga.

Det er uklart kor tilkomst til steinbrotet skal vere og ein meiner at det bør vere der gang- og sykkelvegen sluttar slik at ein unngår den auka tungtrafikken forbi eigedomane til dei som har kome med merknaden. Ein tilkomst nord i området er vurdert å medføre ulempe med auka tungtrafikk og då denne vegen er skuleveg bør kravet om bygging av gang- og sykkelveg gjeldast heilt fram til nordre tilkomst (noko som vil føre til bruk av dyrka mark).

#### Kommentar frå kommunen:

Merknaden kjem mellom anna frå nabo som har bustadhus innafor støysona.

Når det gjeld støv- og støyforureining, avrenning, landskapsverknad og landbruksomsyn vert dei utgreia i KU og vert såleis kommentert der.

Tilkomst til brotet er plassert slik at det i lita grad vert auka trafikk forbi eigedommane til eigedommane til dei som har kome med merknaden.



*Odd Bjarne Haugsgjerd, 01.08.2012*

Som nabo nordaust for planområdet har Haugsgjerd merknad som omhandlar korleis opplevinga av området blir for folk som ferdast i landskapet i driftstida og etter avslutta drift og at det må takast omsyn til situasjonen for naboane til steinbrotet.

Haugsgjerd viser vidare til at det bør vere eit rimeleg krav at dyrka mark vert spart eller kompensert og han meiner at det vil gje mykje større utfordring å sikre god skjerming mot hans eigedom dersom ein må ta i bruk tenkt reserveløysing i nord. Han trur at lyden vil bere godt og støvplager vil vere vanskelege å hindre når det er sørleg vind.

Det er vurdert å vere vanskeleg å sjå føre seg korleis feltet vert utan at buffersoner er teikna inn og sjølv då vil det vere vanskeleg å sjå kor mykje av brotveggene som blir skjulte av høgder. Ein modell hadde vore nyttig her. Haugsgjerd trur at store og breie buffersoner er avgjerande i den vidare prosessen og han trur at skjelvingar i grunnen under sprenging vil vere ein negativ miljøfaktor og at det ikkje er urimeleg å stille krav om å få nokre veker årleg fred frå anlegget. Det må vidare ikkje kome ureina avrenning frå anlegget.

Haugsgjerd viser til at det er mykje turgåing på fylkesvegen langs det nye feltet og på begge skogsvegane opp forbi gnr. 6 bnr. 16 og at desse vil merke aktiviteten frå brotet. Han viser vidare til at det er naudsynt for dei kringliggjande eigedomane å vite at det vert store nok buffersoner mot støy og støv, at landskapet vert fint utforma etter ferdig drift, at det ikkje vert synlege sår i landskapet sett frå veg og busetnad, og at det vert klare grenser for arbeidstid. Det er òg viktig at det vert sett av pengar til å sikre opprydding dersom drifta skulle stoppe.

Vert tilkomstvegen lagt i nord vil trafikkbelastninga auka på ein lengre strekning enn før og i den samanhengen må gang- og sykkelvegen forlengast. Ein forventar seg at det vert sett klare grenser for kva tiltak som kan gjerast og ikkje gjerast i drifta og at naboane får ein rettmessig medverknad når dette er bestemt.

#### Kommentar frå kommunen:

Når det gjeld konsekvensar for landskap, landbruk, støv- og støyforureining, avrenning, friluftsliv vert dei utgreia i KU og vert såleis kommentert der.

Ein har regulert inn fortau med rekkefølgekrav heilt fram til tilkomstvegen for brotet. Det er gjennom planen ikkje stilt krav om at det er sett av pengar til tilbakeføring, men ein har i føresegnene (§ 2.3) lagt inn at steinbrotet skal settast i stand etter godkjent avslutningsplan.



### **Vurdering:**

Planforslaget er heilskapleg og grundig utgreia og vurdert av Gøtz. Konsekvensutgreiinga er vurdert til å ha fylgt retningslinene i planprogrammet og avbøtande tiltak er vurderte som tilfredstillande. Planen er difor, etter ei samla vurdering, vurdert til å kunne leggjast ut på høyring.

Rådmannen rår såleis til at planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

### **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

I medhald av §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova vert forslag om privat detaljregulering for del av gnr. 6 bnr. 1 og gnr. 7 bnr. 1 mfl. – Valevåg steinbrot lagt ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist vert sett til 8 veker grunna sommar og ferieavvikling.

Hovudutval teknisk/næring - 030/16

### **HTN - behandling:**

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

### **HTN - vedtak:**

I medhald av §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova vert forslag om privat detaljregulering for del av gnr. 6 bnr. 1 og gnr. 7 bnr. 1 mfl. – Valevåg steinbrot lagt ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist vert sett til 8 veker grunna sommar og ferieavvikling.



Sveio kommune